


VESTFOLDMEISTERSKAPET 2015

Dei aller fleste resultatata i **første runde** var som forventata i høve til ELO-tal. Men **andre runde** vart meir dramatisk.

På første bord spela då unge Paulius Cebatarauskas frå Larvik (ELO 1296) ein sterk remis mot årets klubbmeister i Larvik, Geir Helmersen (ELO 1834). Helmersen scora 7/7 der.

På fjerde bord hadde unge Andreas Skotheim (Tønsberg) hatt ein viss fordel lenge i eit Siciliansk parti mot Svenn Solberg. Skotheim hadde brukt Grand Prix angrepet med f2-f4. Dette var eit av heile 8 (åtte) parti med denne åpninga i denne turneringa (Altså 1.e4 c5 2.Sc3 og deretter 3.f4).

Men etter 32 trekk var stillinga nokså lik:




Solberg burde nok her ha spela for eksempel .32..Tc7.

Men han tok her a-bonden med 32...Txa4. Etter 33.Txb7 Te4 ville då det bli matt gjennom 34. Tb8+ Kg7 og deretter 35. Tg1+ Kh6 36.Tb6+ Kh5 37.Tg5+ Kh4 38.Th6#

Men Skotheim spela ikkje 34.Tb8+. Han satsa på 34.f5. Dette gav svart sjansen til å kunne utlikne igjen med 33...Txe5.

Solberg gav Skotheim i staden ein ny vinstsjanse med sitt 34...h5




Her vinn 35.e6 for kvit sidan svart ikkje kan ta bonden. Kvit kan då gå forbi med 35.f6

Men Skotheim spela 35.f6. Igjen kunne Solberg ha utlikna, med 35...The2.

Solberg spela i staden 35...Txe5.

Igjen kan kvit vinne gjennom 36. Tb8+ og deretter Tgl.

Skotheim gav Solberg ein siste sjanse gjennom å først spele 36. Tgl+.



Her kan svart gå til f8 med kongen, og merkeleg nok har då ikkje kvit noko meir


konkret å fylgje opp med som vinn. Stillinga er nokså lik.

Solberg gjekk den andre vegen med kongen (36...Kh8) og Skotheim vann så gjennom 37. Txf7 etc.

I **tredje runde** vart det ein rolig remis på første bord (Avslått dronninggambit, Cambridge Springs) mellom Rolf E. Syvertsen og Arild Johansen.

Skotheim vann i igjen, på andre bord, mot fjorårsmeisteren Pål Farmen.

I denne stillinga har begge spelarane kvar sin sterke fribonde:



Farmen, med svart, aktiviserte kongen gjennom 36...Ke6, men her var det nødvendig å bevare den svarte fribonden med 36...Tg3. Dette trekket gir også svart sjansen til å spidde den kvite fribonden (eller eventuelt ei ny droning) med sjakk frå h3. Etter 36...Ke6 37.Txe3+ Kxf6 jaga kvit svart konge tilbake med 38.Tf2+ Ke6 og avslutta med det vinnande 39.h7 Tg2 40.Tf4.

I søndagens **fjerde runde** kom kanskje turneringas vakraste offer. På første bord spela Arild Johansen kvit mot Andreas Skotheim og slo til med 19.Sxf7 !i fylgjande stilling:



Poenget er: 19.Sxf7! Kxf7 20.Dxe6+ Kg6 (Kf8 fører til Df7#) 21.Df7+ Kh7 (...Kf5 fører til matt) 22.Lxf6! som truar matt på h7. Svart må slå løparen på f6 og då kan kvit dronninga ta løparen på b7. Kvit sit igjen med to meirbønder og vinststilling.

På femte bord fikk Jørund Løbach Jørgensen ein sterk remis i denne runden mot mykje høgre rata Øystein Johnsen.

Før siste runde leia to spelarar turneringa: Arild Johansen og Rolf E. Syversten, begge med 3,5 poeng. Syvertsen møtte Geir Helmersen (3 poeng etter fire runder) på første bord og Johansen møtte Pål Farmen (3 poeng etter fire runder) på andre bord. Andreas Skotheim var den tredje spelaren som hadde tre poeng før siste runde. Han møtte Paulius Cebatarauskas og vann (framstegsvariasjonen i Caro-Kann).


Slutten på turneringa vart svært spanande. Særleg var det stor dramatikkk på andrebordet. Pål Farmen hadde fått til alt kvit ynskjer i lukka siciliansk, Grand Prix Attack: Både svekkelse av dronningsidebøndende til svart og angrep oppover f-linja mot svart konge.



I stillinga ovanfor hadde Dg5! vore knusande. Men både Johansen og Farmen fekk svært lite tid på om lag dei 20 siste trekk fram til første tidskontrollen.

Partiet svinga utruleg mykje fram og tilbake og mange sto rundt brette for å fylgje med.


Etter 26. De3 var det svart som hadde vinsten innanfor rekkevidde med matt i fem:




Hadde svart spela ...Lh3! finnast det ikkje forsvar for kvit.

Men etter 33 trekk var stillinga igjen heilt lik.

I "lynsjakken" som kom like før trekk 40 miste Farmen ein offiser (trekk 38) då han spela Kf2 i staden for Sg4 her:




Farmen sto altså til tap, men var sikkert lsvært letta over å sjå at Johansen tok bonden på h3 i fylgjande stilling.



No gir De8+ remis gjennom evig sjakk.

Det betydde at Andras Skotheim var Larviksmeister, for på første bord kunne ikkje Syversten lenger vinne. Han hadde berre konge og løpar. Med remis ville Syversten få 4 poeng, men ikkje med betre kvalitet enn Skotheim.

Helmersen hadde fått til ein vellukka Benkö-gambit med svart. Begge dei kvite bøndene på dronningsida (a- og b-bøndene) var borte, og Helmersen stod bonde over. Etter ein del komplikasjonar og 62 trekk var denne stillinga på brettet:



Her må kvit gjere ein feil for at svart skal vinne. Det gjorde ikkje Syversten, så partiet slutta med remis etter 78 trekk, og dermed var turneringa over .

Andreas Skotheim var Vestfoldmester 2015.

Andreas Skotheim er eit eksempel på dei mange sterke unge sjakkspelarane Norge har i dag.

I Larvik har vi fleire ivrige unge spelarar no. Ein av dei er Jacob Ounji Nygård (13 år). Han har 669 i ELO, men eit lite blikk på partia hans i meisterskapet viser at slike ELO-tal ikkje treng vere særleg presise.


Jacob sat igjen med to poeng til slutt, men det er interessant å konstatere at han sto best i midtspelet i alle sine parti.

I første runde spela han med kvite brikker mot Erik Werner Andersen (ELO 1470) i første runde. Etter 12 trekk står Jacob best med sitt Grand Prix attack.:



Her ville det tematiske f4-f5 gitt klar fordel for kvit.


I andre runde spela Jacob svart mot Olav Holt (ELO 1232) og har eit stort overtak etter 33 trekk:



Her ville for eksempel ...Ta2 vore knusande. (Jacob spela ...Dxe4 og kvit vann).

I tredje runde møtte Jacob sterke og erfarne Petter O. Eriksen.

Her avslutta Jacob eit godt parti (Grand Prix Attack igjen) presist med å setje matt i tre:



39.Tg4+ Kh5 40.Tf5+ Kh6 41.Sf7#

I fjerde runde hadde Jacob walk-over, og møtte så læreren sin (Bjarte Engeset, ELO 1611) i siste runde.

Jacob spelar igjen Grand Prix Attack med kvite brikker og får igjen klar fordel. Heilt presist spelar han det tematiske f4-f5 i trekk 14:



Svart har fire brikker som forsvargar punktet f5. Likevel er 14.f4-f5! så sterkt at svart ikkje har gode svar. Svart spela her det mest umiddelbart naturlige 14...exf, men hadde Jacob funne 15.Lf4! ville læreren ikkje kunne forsvara bonden på d6 og dermed ville

svart si stilling kollapse.

15/4-2015

Bjarte Engeset